



& sebyen.no

presenterer: ABC Live Sesong 2

Fredag 04. februar kl. 20:30

Moddi

Lørdag 05. februar kl. 21:30 Dobbelkonsert

Trio SØt & Bergen Mandolin Band

Søndag 06. februar kl. 20:30

Real Ones

Moddi

Pål Moddi Knutsen kjem frå øya Senja i Nord-Norge. Han har lånt eit trekkspel av mor si, stole ein russisk mandolin og han eig ein utbrukt blå gitar med to øydelagte band. Med dette lagar han musikk som ifølge han sjølv alltid er eit steg framføre han sjølv. Kanskje dette er oppskrifta og grunnen til at debutalbumet "Florigraphy" fekk strålende mottaging våren 2010. Moddi er ein av artistane som fekk 1 million kroner av A-ha då dei slutta av, og det er knytt stor forventning når han no blir lansert i Europa.

Trio SØt

Trio SØt som består av Anne Lise Frøkedal (Harrys Gym og I was a king) frå Etne, Helga Gunnes og Ragnhild Elisabeth Risanger Meland er ein godt bevart hemmelighet. Trioen har eit repertoar heilt utanom det vanlege. Dei har oversatt nokre av dei flottaste låtane til kultbandet Motorpsycho til nynorsk og framfører desse i nye versjonar. Denne konserten er i samarbeid med Kulturmatt 2011.

Bergen Mandolin Band

Vestlandsorkesteret Bergen Mandolinband skriv eige låt-materiale som ligg ein stad mellom bluegrass og "visefolk" og dei både spelar og syng på Haugesundsdiakkt om ærlege arbeidsfolk og mislykka kjærleik. Grappa har opparbeidd seg eit sterkt rykte som eit noko spesielt liveband. Denne konserten er i samarbeid med Kulturmatt 2011.

Real Ones

Real Onesspelar folk/pop/psykedelia med stor teft for melodiar, og er eit fyrverkeri live der folkrock møter pop, og ingen kan sitte stille. Real Ones signerte med Warner Music i 2008, og deira tredje album "All For The Neighbourhood" (2008) mottok strålende kritikkar og Spellemannspris for Norges Beste Popplate. Den 28. februar 2011 kjem oppfølgjaren og på ABC Live vert det urframføring når bandet spelar den nye plata frå start til slutt, for fyrste gong framfor publikum!

Billettsalg: www.linticket.no

Info: www.abcstudio.no

Dørene opnar 30 minutt før konsertstart.

Sjå våre konsertar på sebyen.no/abclive og på Altibox. Tider følgjer.

